Salt tærer opp vegen

Statens vegvesen vedgår at vegsaltinga fører til raskare nedbryting av asfalten.

Håvard Prestegården
hp@hallingdolen.no

Hallingdølen skreiv tysdag om eit digert hol på Rv52 mellom Gol og Hemsedal som fleire bilar køyrde ned i – og vart øydelagde.

Statens vegvesen innser at saltinga medfører frostsprenging, sprekkar og hol i vegbanen.

Gammal asfalt

– Me har sagt mange gonger at vegsalting fører til fleire omgangar med frysing og tining av vegbanen enn det Vårherre kanskje hadde tenkt seg, seier Knut Erik Skogen, seksjonsleiar for Statens vegvesen i Øvre Buskerud.

– Særleg går dette ut over gammal asfalt. Den trekkjer til seg mykje vatn.

Skogen trur likevel ikkje at salt var årsaka til at vegen smuldra opp ved Robru sundag kveld.

– Det var nok meir fordi mildvêret førte til at det var mykje vatn i vegbanen. Når det då oppstår eit sår i banen, kan det raskt utvikle seg til eit stort hol. Dette er den dårlegaste delen av Rv52. Den vil få full oppgradering til sommaren.

Ikkje forska på

Knut Erik Skogen synest ikkje det er nokon god løysing å salte mindre for å bevare vegane lengre.

– Problemet er at me som skal vedlikehalde vegane ikkje får nok pengar. Hadde me kunna legge ny asfalt der det er behov, hadde ikkje saltinga vore noko problem for dekket, meiner han.

Han seier at det ikkje har vore forska spesielt på kva saltinga har å seia for kor raskt vegbanen forvitrar.

– Men dei som lager asfalt prøver heile tida å finne fram til blandingar som toler temperaturendringar betre.

Meir salting

Knut Erik Skogen meiner denne vinteren har vore spesielt vanskeleg for vegstellet.

– Det har vore mildt, med enkelte kuldeperiodar. Og lite snø inntil for nokre veker sidan. Det har vore mindre brøyting, men meir salting og strøying enn til dømes i fjor, seier Skogen.

Når vinteren er omme ser ikkje Skogen bort frå at Mesta vil ha salta meir, ikkje 20 prosent mindre slik dei sa før jul, enn tidlegare vintrar.

– Rett og slett fordi behovet har vore større.

Vegen i opp-løysing

Fleire bilar skadde

Fleire bilar vart skadde sundag kveld då Rv52 openberra eit digert hol i vegbanen ved Robru.

Line Sandvik
ls@hallingdolen.no

Mildt ver, mykje vatn og stor trafikk har i helga ført til store øydeleggingar på Rv52 mellom Gol og Hemsedal. Sundag kveld fekk minst tre bilar problem etter kraftig samanstøyt med hol i vegbanen ved Robru i Gol. Men Mesta var snart på pletten og fekk lappa dei verste stadene.

Store skadar

Det var politiførstebetjent Roy Riksvold som melde frå til vegtrafikksentralen då han observerte både hol i vegen ved Robru og tre meir eller mindre havarerte bilar i vegkanten sundag kveld.

– Det var i 60-sona nede i den krappe svingen rett før Robru, fortel Riksvold. Fleire bilar fekk skadar og punkteringar etter å ha køyrd rett i den holete ve-

vaktteneste i helgane. Sundag tok han rett og slett affære og ringde 175 slik at dei fekk tak i folk til å reparere skadane på vegen. For det gjekk ut over fleire bilar.

Ordna opp

– Dei sendte truleg ut folk med ein gong, for litt seinare på kvelden var det ny asfalt på staden, fortel politiførstebetjenten. Det var siste meteren ut til vegskuldra som var svært dårleg og ramma bilane som kom køyrande sørover frå Hemsedal.

Nils Amund Thorsrud, byggleiar for funksjonskontrakten i Hallingdal, fortel at dei har hatt problem med dette dekket sidan tidleg på vinteren. Han har ikkje fått melding om tilfelle med skadde bilar og reparasjon no i helga, men ser ikkje bort ifrå at dei har vore ute og lappa dekket.

– No har det vore mildt heile helga. Kombinasjonen mykje vatn og trafikk fører til reaksjonar i vegen, seier Thorsrud.

Driftsleiar hjå Mesta i Gol, Lars Petter Hefte, seier det er mykje dårleg veg no. Folk bør vere litt varsame. Han sende straks ein mann ut for å lappe holet i

Faksimile frå Hallingdølen 6. mars.